

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	14.12.2023
Vår referanse	2023/80723-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til konsesjonspliktavurdering for opprusting / utviding av Øksenelvane kraftverk

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet og har såleis ikkje avgjerande merknader til utbetringane når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne. Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber om at tiltakshavar vert gjort merksam på § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Med bakgrunn i innlandsfisk og ferskvassorganismar har vi ikkje avgjerande merknader til tiltaket. Vi minner likevel om at vedtaksmynde må gjere ei fagleg vurdering etter vassforskrifta.

Bakgrunn

NVE har mottatt melding frå SFE Produksjon AS, datert 09.03.2023, om opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk. Tiltaket skal konsesjonspliktavurderast. Vestland fylkeskommune er høyringsinstans i saka.

NVE ber fylkeskommunen vurdere om tiltaket kan medføre skadar og ulemper av slik omfang for allmenne interesser at det blir krav om konsesjon i samsvar med vassressurslova.

Skildring av tiltaket

Den planlagde opprustinga inneber å erstatte det eksisterande kraftverket med ny kraftstasjon og vassveg parallelt med eksisterande anlegg, samt utviding i form av auka installert effekt frå 28 MW til om lag 110 MW og auka slukeevne frå 8,8 m³/s til 32 m³/s. I tillegg er eit andre alternativ vurdert med høvesvis installert effekt på 55 MW og slukeevne 16 m³/s, men òg tilrettelagt for seinare utviding. Slik det kjem fram av planane vil det bli etablert nytt inntak og inntaksluke i Store Øksendalsvatn, i tillegg til ny kraftstasjon og vassveg i fjell.

Synlege permanente inngrep inneber nytt lukehus ved Store Øksendalsvatn, portalområde ved fjorden og eventuelle deponi. Det er ikkje planlagt nye overføringar eller endra reguleringsgrenser i magasinet.

SFE ventar at den auka slukeevna frå 8,8 m³/s til ca. 32 m³/s ikkje vil endre vassføringa i elva nedstraums inntaksdammen. NVE sender plana ne på høyring til Bremanger kommune, Statsforvalta ren i Vestland og Vestland fylkeskommune for kommentarar og innspel i forhold til allmenne interesser som kan bli råka og som eventuelt kan utløyse konsesjonsplikt.

Fornybar energi

Dette tiltaket vil bidra med verdifull effekt inn i kraftsystemet vårt utan å byggje ut nye vassdrag.

Kulturminne og kulturmiljø

Saka har vore til vurdering hos Vestland fylkeskommune som regional kulturminnemynde.

Opprustinga av kraftverket skal i all hovudsak skje inne i fjellet med tunellar. Hovuddeponiområdet er tenkt lagt i sjøområde ved Gjeignalunden. Vi har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til utbetringane når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande:

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og Folkehelse, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Saka har vore til vurdering hos Bergen sjøfartsmuseum. Dei skriv:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne ved tiltaksområdet i Bremanger kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vare nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt fri gjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Vassmiljø

Fylkeskommunen har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk og vi er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Det er gjennomført prøvefiske og påvist aure i både Dauremålsvatnet ([2014](#)), Storevatnet (Øksendalsvatn) ([2004](#)) og Bjørndalsvatnet ([2004](#)). Det er ikkje pålegg om fiskeutsetting i nokon av magasina. I rapporten [Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022](#) har fisk og fiske fått lågaste vurdering av verdi og påverknad, VP1. Sidan reguleringshøgda vert den same venter vi ikkje vesentlege endringar i fiskebestandane i magasina.

Vassføringa i elva nedstraums inntaksdammen (eksisterande) er ikkje forventa endra. Tal dagar med overløp frå dammen er, på grunn av høg reguleringsgrad i vassdraget, lågt i dag og auken i slukeevne vil redusere tal dagar med overløp ytterlegare. Sidan elva nedstraums inntaksdammene uansett er tørrlagde i periodar vil ikkje tal dagar vere avgjerande for fisk og ferskvassorganismar. Ei betring for innlandsfisk og ferskvassorganismar vil krevje ei minstevassføring heile året.

Med bakgrunn i innlandsfisk og ferskvassorganismar har vi ikkje avgjerande merknadar til planlagt opprusting av Øksenelvane kraftverk.

Miljøtilstanden etter vassforskrifta er svært dårleg potensiale i elvane nedstraums magasina. Som vassregionmynde minner vi om at vedtaksmynde må gjere ei fagleg vurdering etter vassforskrifta.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

BREMANGER KOMMUNE

Postboks 104

6721

SVELGEN